




Sunnfjord
kommune

Tusenfryd barnehage

Barnehageportrett



Historiske barnetal frå 2008 – 2023



Kapasitetsutnytting

Faktorar	15.12.2023	30.06.2024	2024/2025
Barn under 3 år	12	16	11
Barn over 3 år	26	24	17
Godkjent leike- og oppholdsareal kvm	270,0	270,0	270,0
Arealutnytting kvm	189,0	204,0	147,0
Kapasitet arealplassar	60,0	60,0	60,0
Arealplassar i bruk	42,0	45,3	31,1
Ledige arealplassar	18,0	14,7	28,9

Bemannning i årsverk

Bemannning etter teneste 201

Faktorar	2023/2024	2024/2025
Styrar	1,0	1,0
Assisterande styrar	0,0	0,0
Pedagogisk leiar	6,5	3,3
Barnehagelærar	0,0	2,8
Fagarbeidar	1,8	2,8
Assistent	2,8	1,6
Lærling	0,0	0,0
Snittalder		44,9

Grunnbemannning

Bemanningsnorm	2020	2021	2022	2023
Tal barn per vaksen	5,2	5,0	4,4	4,5

Pedagognorm

Pedagognorm	2020	2021	2022	2023
Tal barn per pedagog	9,8	9,2	7,1	7,7

Økonomi

Økonomi	2020	2021	2022	2023
Rekneskap	7 954 335	7 862 492	7 618 406	8 917 262
Budsjett	8 123 356	9 167 309	7 891 995	9 342 453
Kostnad per heiltidsplass	181 606	178 693	192 384	234 665

Tilbod og utvikling i sektoren

Skule	Slåtten skule
Tilknyting til andre tenestetilbod	Har kort veg til dei fleste servicetilbod i Førde sentrum.
Bustad og næring	Tusenfryd barnehage er «nærbarnehage» til to viktige og store kompetansearbeidsplassar – Helse Førde og Høgskulen på Vestlandet.

Bygningsmasse

Byggeår	1986, kommunal i 2008.
Areal	486 kvm
Godkjent leike- og oppholdsareal	270 kvm
Uteareal	2 762 kvm

Andre forhold

Avstand til Førde sentrum	3,3 km
Avstand til Vie barnehage	650 m
Avstand til Hatlehaugen barnehage	650 m

Tilbakemelding frå foreldre, tilsette og andre interessentar

Det pedagogiske tilbodet

Dette er vi tilfreds med

- Gode på å inkludere barn med særskilde behov. Ser barnegruppa og einskildbarnet, og kva behov dei ulike har
- Språkmiljøet i barnehagen. Brukar visuell støtte/konkretar til songar og i overgangssituasjonar
- Delar inn i små grupper
- God og etablert kultur blant personalet, samt ei stabil personalgruppe
- Nære vaksne som vil barnet sitt beste

Forbettingsområder

- Auka grunnbemannning slik at ein alltid kan setje inn folk når det er planleggingstid for pedagogane, eller møte

Organisasjonsmessige forhold

Dette er vi tilfreds med

- Barnehagen har mange rom, og god plass.

- Gode moglegheiter til å dele barna inn i mindre grupper
- Godt uteområde som gir barna fysiske utfordringar

Forbetningsområder

- Luftkvalitet, støy, temperatur, rømningsvegar
- Det er kaldt om vinteren og svært varmt om sommaren

Barnehagen i lokalsamfunnet

Dette er vi tilfreds med

- Mange har gåavstand til barnehage og skule
- Barnehagen er ein viktig arena for barna og familiene deira. Det blir skapt eit samhald og eit nettverk for familiene

Andre innspel

- Ein må ha fokus på kvalitet. Ein kan ikkje kun sjå på stordriftsfordelar, og mellom anna vil det å bruke pengar på tidleg innsats kunne spare samfunnet for store utfordringar. Både sosialt og økonomisk i eit lengre perspektiv
- Det er viktig at det blir tatt vare på dei barnehagane som har god leiing med stabilt personale. Det tar tid å bygge opp ein god barnehagekultur. Ein kan ikkje splitte opp barnehagar som fungerer godt.

Prosjektgruppa si oppsummering

No- situasjonen

Vi har nytta Utdanningsdirektoratet (Udir) sin bemanningskalkulator for barnehage¹ for å sjå om barnehagen stettar lovkrava etter bemanningsnorma og pedagognorma, og korleis fagmiljøet er i barnehagen. Tala som er lagt til grunn er barnetalet i tabellen kapasitetsutnytting og tabellen bemanning i årsverk for barnehageåret 2024/2025.

Tusenfryd barnehage følger både bemanningsnorma og pedagognorma. Det er overtalligheit både i forhold til bemanningsnorma og pedagognorma i barnehagen basert på utrekningane i bemanningskalkulatoren til Udir.

Det er eit godt fagmiljø i barnehagen og eit engasjert personale som bidreg til eit positivt læringsmiljø og tryggleik for barna.

Barnehagen blei etablert i 1986 i 3 bustadhus. Bygningsmassen er ikkje eigna til barnehageføremål ut i frå dagens kriterier. Basert på kriteria vi har lagt til grunn manglar barnehagen gode fasilitetar både for tilsette og barn. Ut i frå godkjent areal har barnehagen ledig kapasitet i bygget ut i frå arealplassar. Folkehelseavdelinga, eit interkommunalt samarbeid, har gitt restriksjonar om å nytte kapasiteten i barnehagen sidan den ikkje er godkjent etter forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler.

¹ [Utdanningsdirektoratet – bemanningskalkulator for barnehage](#)

Kva kan dette bety for barnehagen i framtida

Pedagogisk

- Å få tak i nok kvalifiserte barnehagelærarar kan bli ei utfordring på sikt.
- Vi ser ein generell nedgang i tal studentar som vel barnehagelærarutdanning, og det kan bli vanskeleg å rekruttere ny kompetanse på området.
- Dersom barnehagen opplever redusert barnetal i framtida vil det kunne føre til at det blir færre stillingsheimlar i barnehagen.
- Dersom barnehagen har færre stillingsheimlar kan det igjen føre til færre pedagogar. Dette kan svekke det faglege miljøet i barnehagen.

Organisering

- Barnehagen er ikkje godkjend etter forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler, og kan ikkje drive vidare over tid i eksisterande bygg.
- Det kan bli behov for å vidareutvikle organiseringa av barnehagen for å møte endringar i barnetalet. Dette kan inkludere endra bruk av ressursar og gruppdeling.
- Organisering av barnegrupper i framtida vil avhenge av tal søkerar og alder på barna.
- Det må i framtida vere samsvar mellom tal barn og tilsette for å følge bemanningsnorma, og for å nytte midlar i sektoren føremålstenleg.

Lokalsamfunn (struktur)

- For å oppretthalde barnetalet og utnytte kapasiteten i barnehagen er vi avhengig av at folk vel å busette seg i området, eller er villige til å bruke tid på å bringe/hente dersom barnehagen ligg langt frå heim eller arbeidsplass. I tillegg treng vi at foreldre søker plass i barnehagen.
- Det er fritt barnehageval i dag og det er foreldra som legg premissar for at barnehagetilbodet blir oppretthalde i lokalsamfunnet
- Foreldreundersøkinga som er gjennomført i prosjektet kvalitet og kapasitet i Sunnfjordbarnehagen syner at det er like viktig å ha eit barnehagetilbod på veg til arbeid, som at barnehagen ligg nær eigen bustad.

For utfyllande detaljar kan du sjå innspela i sin heilskap [her](#).